

Fra: Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Mette.Heidi.Bergsvag.Ekrheim@vlfk.no)

Sendt: 09.10.2020 18:08:31

Til: Politisk

Kopi: Jenny Ellaug Følling

Emne: Spørsmål til SAMO 13-14/10.20

Vedlegg:

Fylkesveg 5014, Strondavegen, mellom Skånevik og Etne er svært smal og har ein del svingar som er krevjande for tungtransporten å koma gjennom. Ein del av ferjetrafikken som kjem via Kvinnherad vel å køyra denne vegen som alternativ til Fv 548, då Skånevikvegen har bratt stigning og ein del utfordringar, særskilt på vinterstid. Langs Fv 5014 er det også ein del bygging av fritidsbustader og bustader, i tillegg til jordbruk, oppdrett og anna næring som utløyser tungtransport. Eg er blitt gjort kjend med at det er ein del køyretøy som har fått skadar på dekk, felgar og karosseri som følgje av at svingane i utgangspunktet eigentleg ikkje er berekna for så store køyretøy.

Det er ikkje store inngrepa som skal til, t.d. litt meisling av fjellnibber vil gjera stort utslag.

Spørsmål: Er det nokre planar for utviding av desse flaskehalsane på Fv 5014? I tilfelle kva tid?

Mvh

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Senterpartiet

Sendt fra min iPad